



**Ein god
skulekvardag
for alle**



Askøy vgs.
Vestland fylkeskommune

Velkommen til Askøy vidaregåande skule

Ein god skule for alle er målet vi strekkjer oss mot ved Askøy vgs. Dette betyr at alle i fellesskap skal bidra til å gjere skulekvardagen best mogleg, både for oss sjølv og for alle andre ved skulen. Hausten 2023 flyttar vi inn i nytt skulebygg med gode vilkår for læring og fleire sosiale møtestader for elevane.

Skulen har eit breitt tilbod innanfor både studie-spesialisierende og yrkesfaglege utdannings-program.

Eit nært samarbeid med lokalt næringsliv gjer opplæringa praktisk retta og gir elevane gode moglegheiter for relevant praksis i bedrift. Lærarane våre legg vekt på å ha ein god relasjon til elevane. Vi skal samarbeide godt med både elevar og føresette om å lukkast med opplæringa for kvar einskild elev.

Vi tilbyr:

- ▶ Eit godt læringsmiljø med kreative, engasjerte og erfarne lærarar
- ▶ God rådgeving
- ▶ Tilpassa opplæring til den enkelte elev
- ▶ Eit trygt og godt skulemiljø for alle

Studietilboda våre:

- ▶ Studiespesialisering med realfag eller språk/samfunnsfag/økonomi
- ▶ Bygg- og anleggsfag
- ▶ Elektro og datateknologi
- ▶ Helse og oppvekstfag
- ▶ Teknologi- og industrifag (TIF)
- ▶ Tilrettelagt opplæring
- ▶ Allmennfagleg påbyggingsår



Eit godt elevmiljø



På Askøy vidaregåande skule er vi opptatt av at elevane skal trivast, difor er vi ein MOT-skule.

Dette er kjernen i arbeidet vårt med å byggje eit trygt og godt skulemiljø.

MOT fremjar elevanes livskvalitet, mentale helse, medvit og mot, og skaper trygge klassemiljø der alle blir inkludert.

Elevmedverknad og internasjonalt arbeid

Vi har eit engasjert elevråd som bidrar til eit godt skulemiljø og kjem med gode innspel til utvikling av skulen.

Elevane engasjerer seg i internasjonalt solidaritetsarbeid gjennom eit årelangt samarbeid med barneheimen Mai-sha Mema i Kenya.

Biblioteket – arbeid i fred og ro eller få nye impulsar

Biblioteket er eit viktig rom på skulen. Her møter du ein engasjert bibliotekar. I tillegg til hjelp med å finne fram til gode tekstar og fagstoff, kan du få tips til aktivitetar som

let deg ta ein pause frå faga. Skulen legg til rette for at du skal bruke andre sider av deg sjølv. Vi har mellom anna spele-, skrive- og lesegrupper og foto-, musikk- og dansegrupper.

Kantine og sosiale soner

På Askøy vgs. får du tilbod om gratis skulefrukost, i tillegg til det du kan kjøpe i den heilt nye kantina. Skulen har mange sosiale soner, med tilgang til bordtennis- og biljardbord. Her er det gode moglegheiter til å møtast mellom undervisningsøktene og ta seg ein pause.

Nokon å snakke med

Alle tilsette på Askøy vidaregåande skule er engasjert i at du skal trivast og få best mogleg utbyte av opplæringa. Treng du nokon andre enn læraren din å snakke med, så har skulen ei eiga elevteneste med rådgjevarar, elevmiljøarbeidar, bibliotekar og helsesjukepleiar.

ASK
ØY

KOMMUNE



**JOBB I ASKØY
KOMMUNE**

Raus – interessert – modig – kompetent – **Er det deg?**

Vi trenger alltid nye medarbeidere, med ulik utdanning, erfaring og måter å se ting på.

Hos oss jobber ingeniører, helsefagarbeidere, byggdriftene, barnehagelærere, statsvitene, sykepleiere, feiere, økonomer og mange, mange flere.

Du kan helt sikkert passe inn!

Askøy kommune er med våre 30.000 innbyggere og 2000 medarbeidere en av de største kommunene og arbeidsplassene i Vestland fylke. Sammen jobber vi for å gi øyens innbyggere et godt bomiljø med gode helse- og velferdstjenester, oppvekst- og utdanningsmuligheter, og kultur- og fritidstilbud.

Sjekk hva du kan søke på akkurat nå:

askoy.kommune.no/jobb

Se våre ledige
stillinger her!





Studiespesialisering

Studiespesialisering er for deg som er interessert i teoretiske fag og ønskjer å ta utdanning på høgskule eller universitet i Noreg eller i utlandet. Studiespesialisering gir deg stor fleksibilitet seinare i livet, og du treng ikkje binde deg til eitt bestemt yrke.

Om du er nysgjerrig på kunnskap, glad i å lese og skrive og har sjølvdisiplin til å jobbe med mange ulike fag, så er dette noko for deg. Det passar særleg for deg som er usikker på kva du vil bli når du blir stor, men vil halde mange moglegheiter opne.

Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. Du kan òg velje fag som gir spesiell studiekompetanse.

Første året (Vg1) er felles for alle som tek studiespesialiserande.

Andre året (Vg2) vel du programområde, enten i Real-fag eller Språk, samfunnsfag og økonomi.

Tredje året (Vg3) held du fram med to av faga i programområdet ditt frå vg2. I tillegg vel du fritt eit tredje programfag. Du kan òg velje frå dei fleste faga på vg2.

Programfag for Real-fag:

- ▶ Matematikk R1 og R2
- ▶ Matematikk S1 og S2 (dersom du ikkje vel matematikk fordjuping, må du ta faget 2P)
- ▶ Fysikk
- ▶ Kjemi
- ▶ Biologi
- ▶ Informasjonsteknologi

Programfag for språk, samfunnsfag og økonomi:

- ▶ Psykologi
- ▶ Sosiologi og sosialantropologi
- ▶ Sosialkunnskap
- ▶ Politikk og menneskerettar
- ▶ Rettslære
- ▶ Engelsk
- ▶ Økonomifag

Fordjuping i realfag

På Askøy vidaregåande tilbyr vi fleire moglegheiter for fordjuping i realfag. Dersom målet ditt er spesiell studiekompetanse for opptak til eit spesielt studie, så har vi dei faga du treng.

Påbygging til generell studiekompetanse

Dersom du har teke yrkesfagleg utdanning og ønskjer å ta høgare utdanning, kan du ta påbygging til generell studiekompetanse. Du kan søkje både før og etter læretida. Utdanninga fører fram til generell studiekompetanse.

Kvifor velje påbygg?

I påbyggingsklassane møter du elevar frå fleire ulike utdanningsprogram. Mange kjem frå to år på yrkesfag, medan andre har hatt pause frå skule nokre år. Dette mangfaldet av ulike ressursar og evner gjer klassane til ein spennande og kreativ stad å vere. Her er det mykje læring, mykje lekser og mykje god stemning.

Du som søker påbyggingsåret må være motivert for sjølvstendig arbeid med mykje teori.

For å få generell studiekompetanse er det ein føresetnad at du består alle faga dette året.

Av valfrie programfag kan du velje mellom:

- Kjemi
- Biologi
- Fysikk
- Informasjonsteknologi
- Engelsk
- Psykologi
- Økonomistyring

Du kan f.eks. bli:

- Psykolog
- Sjukepleiar
- Lege
- Lærer
- Ingeniør



Bygg- og anleggsteknikk

Dette er utdanninga for deg som er praktisk anlagt og ser for deg ein karriere i byggebransjen. Det er ca. 22 fag som rekrutterer lærlingar frå bygg- og anleggsteknikk, så du har ei rekkje spennande yrke å velje mellom.

Arbeidsplassar:

- Offentleg eller privat verksemd
- Større eller mindre handverksbedrifter
- Industri- eller entreprenørbedrifter

Du lærer om:

- Produksjon og oppføring av nye bygningar og anlegg
- Ombygging og vedlikehald
- Klima og teknologi

- Bruk av teikningar, skildringar og utrekningar
- Kvalitet og tryggleik
- Ulike materialar


Oppbygning

Første året (Vg1) er felles for alle som vel bygg- og anleggsteknikk.

Andre året (Vg2) tilbyr vi:

- **Vg2 Tømrar**

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.



Du kan f.eks. bli:

- Veg- og anleggsfagarbeidar
- Anleggsgartnar
- Anleggsmaskinførar
- Målar
- Murar
- Tømrar
- Røyrleggjar
- Stillasbyggjar
- Taktekkjar
- Blekkslagar
- Snikkar
- Glasfagarbeidar



07



Aasebø Murservice AS utfører det meste innen murerfaget, og vi har spesialisert oss på totalrenovering av bad, der vi jobber sammen med våre gode og dyktige samarbeidspartnere. Vi tar oss av både flislegging og støping av gulv med mer. Har du et bad som har sett bedre dager?

Aasebø Betongentreprenør AS har solid erfaring innen betongfaget og retter seg både mot næring og privatmarkedet. Vi bistår med tegning, søking til utførelse av de fleste betongprosjekter.

TAR I MOT LÆRLINGER I BETONG OG MURERFAGET

Storebotn 10, 5309 Kleppestø

Murservice | 975 80 485 | post@aasebomur.no | Åpningstider: 08-16

Betongentreprenør | 982 17 906 | post@aasebobetong.no | Åpningstider: 08-16

Elektro og datateknologi

Dette er utdanninga for deg som er interessert i maskiner, elektrisitet og tele- og datakommunikasjon. Utdanninga kvalifiserer til mange spennande yrke innanfor installasjon, drift og vedlikehald.

Arbeidsplassar:

- ▶ Offentleg eller private bedrifter
- ▶ Prosess- eller elektronikkindustrien
- ▶ Mekanisk industri, energiverk eller jernbanedrift
- ▶ Data-, fly- eller oljebransjen

Du lærer om:

- ▶ Installasjon og vedlikehald av elektriske og elektroniske system

- ▶ Montering, kopling og programmering av elektriske og elektroniske system og anlegg
- ▶ Reparasjon av elektrisk utstyr
- ▶ Utvikling av nye elektroniske produkt
- ▶ Konfigurering og programmering av utstyr og komponentar
- ▶ Tryggleik og dokumentasjon

Oppbygning

Første året (Vg1) er felles for alle som tek elektro og datateknologi.


Andre året (Vg2) tilbyr vi:


- ▶ Vg2 EI-energi og ekom

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Du kan f.eks. bli:

- ▶ Elektrikar
- ▶ Heismontør
- ▶ Romteknolog, data- eller produksjonselektronikar
- ▶ Flymekanikar
- ▶ Droneoperatør





bilfag.no

Veien til fagbrev:

Les mer i vår brosjyre!

bilfag.no

bilfag.no


Veien til fagbrev:

Din fremtid i bilbransjen

Kyst til å jobbe i en bransje som kan tilby tryk og spennende jobber over hele landet der du bruke avansert teknologi? Bilbransjen er i rask teknologisk utvikling, så her kan du jobbe med mye spennende!

Bilbransjen trenger deg som vil jobbe med bil!

Ønsker du en utdanning med interessante og spennende arbeidsoppgaver? Er du like flink med hendene som med hodet? Liker du motorer, elektro og mekanikk? Da er bilbransjen noe for deg!



Du kan f.eks. bli:

- ▶ Helsefagarbeidar
- ▶ Ambulansearbeidar
- ▶ Portør
- ▶ Aktivitør
- ▶ Barne- og ungdomsarbeidar
- ▶ Apotekteknikar
- ▶ Helsesekretær eller tannhelsesekretær
- ▶ Hudpleiar eller fotterapeut
- ▶ Ortopediteknikar

Helse- og oppvekstfag

Helse- og oppvekstfag er for deg som er omsorgsfull, flink til å kommunisere og likar å samhandle med andre. Utdanninga kvalifiserer deg til mange spennande yrke der du kan jobbe med menneske.

Arbeidsplassar:

- ▶ Sjukehus
- ▶ Heimeteneste
- ▶ Barnehage og skulefritidsordning
- ▶ Apotek
- ▶ Tannlege- eller legekontor
- ▶ Fot- eller hudpleiesalong

Du lærer om:

- ▶ Helsefremmande arbeid
- ▶ Fysisk og psykisk helse

- ▶ Korleis kroppen er oppbygd
- ▶ Kommunikasjon og samhandling
- ▶ Barn og unges utvikling
- ▶ Kost, ernæring og hygiene

Oppbygning

Første året (Vg1) er felles for alle som tek helse- og oppvekstfag.

Andre året (Vg2) tilbyr vi:

- ▶ Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag
- ▶ Vg2 helsearbeidarfag

Etter to år på skule kan du gå ut i lære. Du kan ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.



Tilstreber bruk av miljøteknologi og energiløsninger

FOR ET BEDRE MILJØ

Constructa Entreprenør er totalentreprenør for rehabilitering og utvidelse av Askøy Videregående skole – totalt ca. 18 500 kvm. Arbeidet blir utført med egne håndverkere innenfor grunn-, betong-, tømmer-, innredning-, mur- og flisarbeider, og Constructa Entreprenør er godkjent lærebedrift innen disse fagområdene.

Skolen har studieprogram for ulike retninger innen yrkesfag, studiespesialiserende og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skolebygget også romme et auditorium både for skolens bruk og kulturarrangementer samt arealer for voksenopplæring i regi av Askøy Kommune.

Prosjektet er utviklet i samspill med Vestland Fylkeskommune, HLM arkitektur, Smedsvigs Landskapsarkitekter og Mulitconsult AS.



Teknologi- og industrifag (TIF)

TIF er utdanninga for deg som er interessert i teknikk og maskiner, er kreativ, likar å samarbeide og vil vere med å påverke samfunnet gjennom spennande jobbar i industrien.

Arbeidsplassar:

- Teknisk og elektromekanisk industri
- Skipsindustrien eller bilindustrien
- Kjemisk prosessindustri eller tekoindustrien
- Bilbransjen eller oljebransjen
- Vare- eller transportbedrifter

Du lærer om:

- Produksjonsprosessar
- Automatisering
- Programmering av robotar

- Merking, dreining, fresing, boring, skjering, sveising og lodding av ulike metall
- Montering og demontering av maskinar
- Elektronikk


Oppbygning

Første året (Vg1) er felles for alle som tek Teknologi- og industrifag.

Andre året (Vg2) tilbyr vi:

- **VG2 Industriteknologi**

Etter to år på skule kan du søke om læreplass for å ta fagbrev. Du kan ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.



Du kan f.eks. bli:

- ▶ Bilmekanikar
- ▶ Sveisar
- ▶ Styrmann
- ▶ Kranfører
- ▶ Ingeniør

13



KVALITET I HVERT ENESTE OPPDRAG

Har du en ny enebolig eller et nytt næringsbygg under bygging, skal du renovere badet, eller ønsker selskapet, sameiet eller borettslaget en fast servicepartner? Grevstad & Tvedt VVS er en allsidig leverandør av rørlegger tjenester.

Grevstad & Tvedt VVS er en moderne VVS-entreprenør som er rigget for oppdrag innen de fleste segmenter i proff- og privatmarkedet. Vi har erfaringen og kompetansen til å møte morgendagens krav med hensyn til gjennomføring, kvalitet og HMS.



GREVSTAD & TVEDT
—endel av **INSTALCO**



GREVSTAD & TVEDT

BESØK OSS

Kanalveien 5, 5068 Bergen

KONTAKT OSS

Telefon: 55 20 20 00

E-post: firmapost@grevstadtvedt.no

www.grevstadtvedt.no





- en mester på farten!



Vi utfører høykvalitets tømrerarbeid opp mot offentlige og private aktører i Bergen og omegn



SKREDDERSYDDE LØSNINGER

Hovedleverandør for takteking
for Askøy videregående skole

Vi er i dag 62 ansatte og godkjent lærebedrift. Vi har i dag 5 lærlinger og omsetter årlig for over 105 MNOK med prosjekter langs hele Vestlandet. Vi utfører alt innen takarbeid på næringsbygg, skoler, haller, lagerhaller, boliger osv. Tar årlig inn praksiskandidater rett fra VG2.



www.protanentreprenor.no/bergen

ØNSKER DU **UTPLASSERING** ELLER
LÆREPLASS I TØMRERFAGET?

Ta kontakt med oss!



BYGGMESTERFORRETNING AS

Skogvegen 52, 5306 Erdal • Tlf. 934 48 463 • E-post: post@haevebygg.no

HR- BYGG.NO



SOTRATAKSTOL

PROSJEKTERING – TAKSTOLER – PRECUT
GITTERBJELKER – GULVELEMENT – TAKELEMENT

www.sotratakstol.no

Tlf.: +47 56 31 22 20 | firmapost@sotratakstol.no

Elektroinstallasjoner av alle slag:
Bolig/industribygg • Tele/data
Service • Varmepumper
Elbillading • Solcelle

FAG-ELEKTRIKEREN AS
Autorisert elektroinstallatør

Møhlenpriskaien 8, 5006 Bergen
Tlf. 55 70 63 36 • E-post: firmapost@fag-el.no
www.fag-elektrikeren.no



BERGENAIR AS

Leirvikflaten 23, 5179 Godvik • Tlf. 55 50 87 60
firmapost@bergen-air.no • www.bergen-air.no

Bergen Air As er en bedrift som har
opplæring i fokus.

Vi tar medansvar for at det utdannes
blikkenslagere og ventilasjonsmontører til faget.

SANDØY
BYGGSERVICE AS

Kvalitet du kan stole på!

Nybygg • Tilbygg
Rehabilitering • Totalentrepriser
Vi tar inn lærlinger i tømmerfaget!

MESTERHUS
– det blir som avtalt

Storebotn 55 B, 5309 Kleppestø • Tlf. 5112 6000 • www.sandoybyggsservice.no

**Takk til våre
samarbeidspartnarer**



Internasjonalisering

Utanlandsklassar

Askøy vgs har tilbod om to «utanlandsklassar» dersom du har lyst til å ta Vg2 i Tyskland. På Vg2 Studiespesialisering eller Vg2 innan Elektrofag, får du sjansen til å ta eit skuleår i Erfurt i Tyskland. Askøy vgs har tett oppfølging av utanlandselevane våre med jamnlege besøk frå lærarar herifrå. Søknad til desse klassane er opna for elevar frå heile Vestland fylke. Opphaldet vert finansiert med stipend frå Statens Lånekasse.

Språkreiser

Skulen legg til rette for språkreiser (1 veke) på Vg1 studiespesialisering (Tyskland, Frankrike og Spania) som ein del av opplæringa i framandspråk.

Erasmus+

Skulen deltar i andre internasjonale prosjekt innanfor EU sitt Erasmus+ program.



Askøy vgs.

Kontakt:

Askøy Videregående Skole

Søre Myrane 13

5300 Kleppestø

Telefon: 561 52 300

Tilrettelagd opplæring

Vi tilbyr tilrettelagd opplæring for elevar som har behov for spesialundervisning. Opplæringa er knytt opp mot eit utdanningsprogram og tar utgangspunkt i faga eller delar av faga innanfor programområdet.

Eleven får eit kompetansebevis som viser kva mål i læreplanen som er gjennomført. Målet med opplæringa er at elevane deltar i arbeid eller anna aktivitet når dei er ferdig med opplæringa på skolen.

Askøy vgs. har to klassar for særskilt tilrettelagd opplæring:

► **Kvardagslivstrening:** Her legg ein vekt på opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og fag i ein liten klasse.

► **Arbeidslivstrening:** Her legg ein vekt på opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og trening i å meistre et arbeid. Også her er opplæringa i ein liten klasse. Opplæringa er knytt til programområda helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsteknikk.

NB! Søknadsfrist 1. februar



Miljøfyrtårn®

Søknadsfrist 1. mars

www.askoy.vgs.no